

Merknader i tekst under, med raud understreka tekst

Jordvernstrategi for Voss herad

Strategien er basert på NIBIO sin rapport: Grunnlag for jordvernstrategi for Voss herad

Strategien tar for seg føringar og tiltak knytt til arealforvalting (punkt 1 og 2) og haldningsskapande arbeid og praksis i forvaltinga.

Jordvernmål: Voss herad skal ikkje omdisponera meir enn i gjennomsnitt 7 daa dyrka jord årleg. Jordressursane i Voss herad skal haldast i hevd og ikkje gå tapt. Dette gjeld særleg dyrka jord, men også dyrkbar jord som kan dyrkast opp utan at det påverkar naturmangfaldet negativt.

Voss Næringsråd stiller seg her bak fylket på 14 daa, 7 daa blir for lite.

1. Jordvern i planar

1.1.

Det skal ikkje omdisponerast dyrka eller dyrkbar jord til bustader, næring eller fritidsbustader.

Dyrka jord er definert fordi den er nettopp dyrka. Dyrkbar jord må definerast tydelegare. Den dyrkbare må kunne dyrkast økonomisk og praktisk. Sunn fornuft må leggest til grunn. Fysisk synfaring.

1.2.

Omdisponering av dyrka eller ~~dyrkbar jord~~ kan berre vurderast i samband med etablering av viktige samfunnsnyttige føremål og kritisk infrastruktur.

~~Ta ut dyrkbar jord ordet.~~

1.3.

~~Jord som er eigna til produksjon av matkorn, potet og rotgrønsaker skal i utgangspunktet ikkje omdisponerast, uansett føremål.~~ I arealsaker skal sakshandsamar nytta kartlag som syner jordressurs og jordkvalitet for å sikra dette.

Overstreket setning blir overpresisering. Dette er allereie inntatt i strategien gjennom å ikkje bygga ned dyrka jord.

Det er ikkje utarbeida gode nok kartlag for å kunne sjå dette frå eit kontor perspektiv. I slike saker må ein ut i felt.

1.4.

Jordressursar som tidlegare er avsett til andre utbyggingsføremål skal vurderast på nytt gjennom planvask. Dersom jorda er avsett til anna enn viktige samfunnsnyttige føremål og kritisk infrastruktur, skal områda som hovudregel takast ut att.

Korleis skal dette fungera i praksis ? Vil det vere planavdeling som vil bestemme dette utan politisk behandling ? Eller skal administrasjonen laga eit forslag som skal politisk behandlast, vil ein dele opp i kvar eigedom og sak eller ein stor sak ?

1.5.

~~Omsyn til jordvern skal vera med i vurderingsgrunnlaget for alle saker som gjeld arealbruk. Ein skal då vurdere potensialet for framtidig matproduksjon, ikkje dagens produksjonstal.~~

Overpresisering, dette er inntatt lengre oppe avsnitt «Jordvern i planar»

2. Flytting og kompensering av matjord

2.1.

Flytting av jord er ikkje ynskjeleg. Men i dei tilfella jord må byggjast ned skal matjorda brukast om att til matproduksjon, anten i nydyrking eller som jordforbetring. Forbetring av innmarksbeite og overflatedyrka jord er betre ressursnyting enn forbetring av fulldyrka jord.

2.2.

I dei tilfella matjord må flyttast, skal den i størst mogleg grad nyttast innanfor utbyggingsområdet for å avgrensa konsekvensen av utbygginga. Dersom det ikkje let seg gjera, bør den nyttast så nær utbyggingsområdet som mogleg for å redusera masseforflyttinga.

2.3.

I samarbeid med fylkeskommunen og nabokommunar må det etablerast eit system for handtera flytting av overskotsmassar for å sikra at jordressursane vert nytta att, forhindra mellombels lagring og førebyggja deponering.

2.4.

Både internt i heradet og eksternt blant entreprenørar må ein byggja kunnskap om sortering av jord og handtering av jordmassar, slik at kvaliteten på jorda i minst mogleg grad går tapt ved flytting.

3. Omsyn til jordressursar i landbruksnæringa

3.1.

Bygningar og vegar i landbruket skal i utgangspunktet ikkje leggjast på dyrka eller dyrkbar jord. Det skal stillast krav om vurdering av alternative plasseringar.

3.2.

Løyve til bygging av hus nummer to på garden skal vurderast strengt ut i frå behovet for å ha to generasjonar med i drifta på garden.

3.3.

Ved behov for nytt våningshus, hus nummer to eller nye driftsbygningar, skal ein prioritera fortetting og kompakt arealutnytting i eksisterande tun.

3.4.

Ved frådelingar i LNF-område skal dyrka jord og dyrkbar jord som hovudregel ikkje delast frå landbrukseigedomen.

4.

Hindra attgroing og jordvern gjennom bruk

4.1.

Grunneigarar skal halda dyrka jord i hevd og sikra aktiv drift av dyrka areal.

4.2.

Heradet skal fylgja opp driveplikta for å hindra vidare attgroing.

4.3.

Det må arbeidast breitt for å halda flest mogleg bruk i drift slik at også marginale areal vert haldne i hevd.

4.4.

Heradet skal syta for god informasjon om tilskotsordningar og leigeavtalar som gjer det meir rasjonelt å driva marginale areal.

4.5.

Heradet skal bidra til drenering av jord som er hardt råka av auka nedbørsmengder.

5.

Sikra matberedskapen og auka produksjonsmangfaldet

5.1.

Det må leggjast til rette for auka produksjon av poteter, grønnsaker, frukt og bær for å sikra eit meir variert landbruk i heradet og for å ta i bruk areal som ikkje er eigna til grovfôrproduksjon.

5.2.

~~Det må koma tydeleg fram kva verdier nedbygging av landbruksareal medfører i form av tapt inntening og tapt matberedskap.~~

Må takast ut. Veldig vanskeleg å definere og løyse i praksis.

5.3.

Heradet skal fylgja opp arbeidet med jordvern årleg gjennom arealbarometer og arealrekneskap, og kvart fjerde år gjennom ein ny statusrapport for jordvern.

Vurdere om kommunal og disrikts departementet kan begynne å tenke totalitet og ikkje at 351 kommunar skal alle gjere det på sin måte. Ingen har kontroll på totaliteten i Noreg.

6.

Jordvern i utmark

6.1.

Heradet skal arbeida for å kartfesta viktige beiteområde i heradet i samband med utarbeiding og rullering av kommunal beitebruksplan.

Kvifor skal heradet arbeida med noko som uansett vil vere best styrt av bonden og om det er aktive gardsbruk som brukar arealet til beiting? Heradet skal saman med bøndene er gjerne ein betre setning.

6.2.

Ved plassering av nye tiltak i utmark skal det takast omsyn til beitebruk og beitekvalitet.

Beiterett er ofte eit heitt tema. kan ein ta vekk dette på gardsbruk som ikkje er i drift?

Kort oppsummering:

I utgangspunktet er vi i hovudsak samde om at ein jordvernstrategi er viktig for Voss herad, men vi er òg opptatt av å belyse konsekvensar av jordvernstrategien slik at sluttnader vert teke best mogeleg grunnlag.

Potensielle konsekvensar – redusert verdiskaping – mindre nyetablering – dyrare tomter og dyrare bustader.

Dyrare tomter; All reduksjon av potensielt ledig areal for utbygging fører til verdiauke av eksisterande tomter. Konsekvens av dette vert dyrare tomter og dermed dyrare bygg. På sikt vil det berre vera kapitalsterke aktørar som vil kunne kjøpe etablerte tomter, rive eksisterande bygg på tomta, og bygge nytt/fortette.

Arealknappheit; Innskrenking av ledig areal vil på sikt føra til arealknappheit. Potensielt vil det bety at vi må takka nei til nyetablering, gunna manglande ledig areal.